



Boknemnda under det siste møtet i går. Frå venstre står Tormod Myklebust, Kaare Skaala, Bjørgulv Eik, Møyfrid Kristoffersen og Hans Ordin Østebø

I mars kjem boka om Uskedalskyrkjas 100 år. Men ho vert noko meir enn ei rein kyrkehistorisk bok, opplyste forfattar og boknemnd til uskedalen.no under det siste møtet sitt. Til dømes vil boka innehalda bilete av alle gardar i bygda teke av han som har vore engasjert som fotograf - Hans Ordin Østebø. Gleda var stor i boknemnda då han sa ja til jobben i likheit med reaksjonen i nemnda då Kaare Skaala i 2010 etter sterke oppmodingar sa ja til å skriva. - Då var vi umåteleg glade, seier leiar Tormod Myklebust.

Kaare (78) var bonde heile sitt yrkesaktive liv men sidan han vart pensjonist for 14 år sidan har han skreve bøker av ein slik kvalitet at det har vekt oppsikt. Han er også lyrikar og mangt anna.

Kaare fekk Kulturprisen i 2008 og blant lokalhistorikarane i kommunen står han i fremste rekkje. Han har produsert rundt rekna 10 bøker og har ikkje teke 5 øre i betaling for nokon av dei. Den største jobben var stølsboka og eit anna storverk boka om den 750 år gamle Kvinnheradkyrkja i 2005. Den vart på 175 sider medan Uskedalsboka stoppar på 128.

Forfattaren hadde særleg 2 gode grunnsteinar å byggja på då han starta jobben for Uskedalen. Det eine var 50-årsboka til Tor Myklebust og det andre biletheftet som kom då kyrkja var 90. Tormod tykkjer at den nye boka vert spennande og også interessant og han viser som døme til ein oversikt over kva soknerådet har hatt av saker sidan 1970-talet. Av nye innslag kan også nemnast ein prolog av Gausvik.

Budsjettet er på 260 000 kroner og lokale, potensielle bidragsytarar kan snart venta ei oppmoding om støtte. Opplaget vert 600 og boka vil verta seld direkte på bygda - for 250 kroner i første omgang. Kven som får trykkinga er det førebels ikkje teke noko avgjerd om, men valet står mellom 2.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



[Kaare Skaala trosser alderen og skriv bok etter bok...](#)